



MELAND KOMMUNE

## Statens vegvesen

14 JAN. 2014

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Jnr. 14/529  
Ark. 504  
Saksid. 10/1861-53  
Saksid. KRN  
Ark.del PUK

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2011/138876-019

Dykkar referanse:  
13/15506

Vår dato:  
09.01.2014

## Uttale til nytt offentlig ettersyn av områderegulering for Frekhaug sentrum i Meland kommune

Vi viser til dykkar brev dagsett 06.12.2013 og uttalefrist 20.01.2014.

Statens vegvesen har tidlegare hatt motsegn til denne områdeplanen. I det nye planframlegget er dei fleste motsegnspunkta våre møtt. Vi har framleis nokre merknader som vi ber kommunen om å ta til følgje før planen vert vedteken:

### Plankart

#### *Byggegrense langs veg*

Vegvesenet har kravd at byggegrensa langs fv 564 skal vere 30 meter. Dette er framleis ikkje møtt for den sørlegaste delen av planen i områda BK og BF2. Ved eksisterande bustad lengst sør er byggegrensa i underkant av 20 meter. Eksisterande bustad ligg med tilsvarende avstand frå vegen. Vegvesenet vil ikkje motsetje seg at eksisterande bygg vert viste som *bebyggelse som inngår i planen*, men rår til at byggegrensa gjennomgåande vert sett til 30 meter, slik at eventuell ny utbygging ikkje kan kome nærare fylkesvegen enn 30 meter.

#### *Annan veggrunn langs gang- og sykkelveg*

Vegvesenet har kravd 1,5 meter annan veggrunn på begge sider av GS1. Dette er ikkje på plass frå rundkøyringa og nordover. Sidearealet er viktig mellom anna for drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegen. Vi rår til at det vert innarbeidd i plankartet.

Som tidlegare nemnt meiner vegvesenet at gåande og syklande bør har separate tilbod langs fv 564 forbi Frekhaug. Dette er viktig for å unngå konflikt mellom desse to trafikantgruppene i eit område der ein kan forvente stor auke i gang- og sykkeltrafikken framover. Vi har derfor tidlegare kravd at det her vert regulert sykkelveg med fortau. Vi rår framleis til at GS1 i plankartet i staden vert regulert som sykkelveg med fortau.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Gangbruer

Gangbruer og gangveg som leier fram til dei er vist som *annan veggrunn – teknisk anlegg* i plankartet. Vi rår til at gangveg og -bru vert vist som gangveg (SOSI-kode 2016). Bruene bør nummererast i plankartet.

Busshaldeplass

I møte 18.10. 2013 vart det opplyst at ny busshaldeplass er tilpassa krav til universell utforming. Dette er ikkje dokumentert i nytt planframlegg, men vi legg til grunn at det framleis er tilfelle. Per e-post har vi fått opplyst at i området regulert til haldeplass er det nok areal til reguleringshaldeplass for bussar, noko som var eit sentralt spørsmål på det nemnde møtet.

Plassering av inn- og utkøyring til kollektivhaldeplassen bør visast med avkøyrsløyper i plankartet, slik at det planlagde køyremønsteret eintydig kjem fram av planen.

Anna

Vi gjer merksam på at vegane omtala som KV1 og KV3 i føresegnene ikkje er viste med desse nemningane i plankartet.

FøresegnerRekkefølgekrav

Gangbru er no innarbeidd som del av rekkefølgekrava i punkt 2.1.1 i føresegnene. Det bør presiserast at dette gjeld ny bru ved planlagt ny rundkøyring, slik at det er eintydig kva bru det er tale om.

Områda S2 og S4 er ikkje lenger omfatta av rekkefølgekravet i punkt 2.1.1. Vi stiller spørsmål ved kva som er bakgrunnen for dette, og rår til at rekkefølgekravet framleis skal gjelde for alle dei nye utbyggingsområda S1-S5. For vegvesenet er det særleg viktig at det ikkje vert etablert nye bustader i desse områda utan at ny gangbru over fv 564 er på plass. Bakgrunnen for dette er tilrettelegging for trygg skuleveg. Vi stiller også spørsmål ved kapasiteten i dagens kryss mellom fylkesveg og kommunal veg, og kor mykje ny utbygging krysset kan handtere før trafikkavviklinga vert vesentleg dårlegare enn den er i dag.

Sluttord

Etter vegvesenet sitt syn ivaretek den nye områdeplanen for Frekhaug viktige omsyn knytt til trafikktryggleik, framkomelegheit, universell utforming og tilrettelegging for miljøvenleg transport. Vi ser fram til vidare samarbeid med Meland kommune for å realisere dei nye veganlegga knytt til fv 564 på Frekhaug.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonsjef

*Unn Jenny Utne Kvam*  
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Hordaland fylkeskommune (e-post)  
Fylkesmannen i Hordaland (e-post)